



Preg barnehager

Sammen om å sette verdifulle spor

Årsplan 2025/26

Preg barnehager Vatne



Velkommen til oss

Kontaktinformasjon

Besøksadresse: Ulvestadvegen 4, 6265 Vatne
E-post: vatne@pregbarnehager.no
Nettside: Pregvatne.barnehage.no

Telefonnummer til barnehagen:

Hovudnummer: 703 30 130
Kontor: 969 48 829
Administrasjon: 958 30 144
Grå: 474 89 775
Grøn: 459 73 842
Raud: 459 73 840
Blå: 969 48 819
Gul: 969 48 803
Hjerterommet:

Dagleg leiar/styrar: Trine M Hestetun (konstituert pr no)
tlf 969 48 829 / 958 30 144
Assisterande styrar/stedfortredar: Randi Skjelten

Åpningstid
Kl 7.00-16.30

Visjonen vår er:

Sammen om å sette verdifulle spor

Våre verdier:

Nestekjærlighet, likeverd og mestring

Om barnehagen

Barnehagen vår ligg i Vatne sentrum med kort veg til mange flotte turområde. Vi flytta inn i eit heilt nytt bygg i 2018 med fem avdelingar og stor uteplass. I 2023 blei barnehagen vår 50 år. Nokre av dei som i dag er foreldre og tilsette har sjølv gått her. Vi vonar at barnehagen vår også i framtida får vere til glede for barna, foreldra og bygda. I 2024 fekk barnehagen nytt namn og vi heiter no «Preg barnehager, Vatne AS». Vi ynskjer å vere ein barnehage som legg fokus på at alle er like verdifulle, både små og store. I samarbeid med foreldra får vi vere **«Sammen om å sette verdifulle spor».**

Følg oss på Facebook og sjå alt det kjekke vi gjer under namnet «Preg barnehager Vatne As». På Facebook er det også ei foreldregruppe ein kan vere med på «Preg barnehager Vatne – Foreldregruppe».

I Preg barnehager Vatne har vi i eit mål om at alt vi gjer, gjer vi med utgangspunkt **til det beste for kvart einskild barn**. Vi ønsker å skape ein god og inspirerende kvardag som er prega av **NESTEKJÆRLEIK – LIKEVERD – MESTRING.**

Vi arbeider heile tida for å oppretthalde god kvalitet i barnehagen, og personalet er jamnleg med på samlingar med fagleg fokus for å sikre at barnehagen er ein lærande organisasjon og i stadig utvikling.

Vi arbeider for at barna på småbarn- og storbarnsavdelingane skal medvirke og ha oversikt over kvardagen sin. Vi ønsker at barna utviklar reiskap for å ha gode relasjonar og lek, og kunne utvikle vennskap som dei tek med seg vidare i livet. Vi ønsker å sette verdifulle spor.

Med venleg helsing
Medarbeidarane i Preg barnehager Vatne

Presentasjon av Preg barnehager as


Preg barnehager AS er ei ideell barnehagekjede som blir drive på vegne av Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnehagene har ulik storleik og er spredt rundt i store delar av Noreg.

Preg barnehager AS er eit ikkje-kommersielt selskap. Eventuelle overskot skal nyttast til å utbedre og styrke medlemsbarnehagane.

Lov om barnehager med forskrifter og Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver bestemmer innhold og rammer for barnehagane våre. I samsvar med barnehagelovens § 1a andre ledd, blir barnehagane drivne med eit kristent formål. Visjonsdokument vårt og verdiplattforma forteller korleis det kristne formålet skal prege livet i barnehagane våre. Desse dokumenta finn du på vår nettside.

Preg barnehager sin visjon er: **“Sammen om å sette verdifulle spor”**. Verdiane våre er laga med utgangspunkt i Visjonsdokumentet, som er eit felles dokument for alle Preg barnehager.

Våre verdier er: Nestekjærighet – Likeverd – Mestring.



Informasjon om foreldrebetaling

Makspris

Foreldre skal ikke betalte mer enn maksprisen for en barnehageplass. Maksprisen blir fastsatt til kroner 700 per måned fra og med 1. august 2025. Maksprisen gjelder alle typer barnehager, uavhengig om de er offentlige eller private. Grensen blir fastsatt av Stortinget, og kan bli justert i løpet av året i forbindelse med statsbudsjett. Barnehagene kan kreve betaling for kost (matpenger) i tillegg til maksprisen.

Matpenger

450 kr i matpenger pr måned for 100 % plass.

Bleieavtale

Barnehagen har tilbud om bleieavtale som kostar 70 kr pr måned. Då kjøper barnehagen inn bleiar til barna.

Moderasjonsordninger

Har du flere barn i barnehagen?

Hvis du har mer enn ett barn i barnehage i samme kommune, skal kommunen sørge for at du får reduksjon i foreldrebetalingen. Det kalles søskenmoderasjon. Du skal få søskenmoderasjon uavhengig av om barna går i forskjellige barnehager, og i barnehager med forskjellige eiere. Reduksjonen for det andre barnet er minimum 30 prosent, og for det tredje barnet og oppover er det 50 prosent reduksjon.

Behov for redusert foreldrebetaling pga lav inntekt?

Les meir og søk her: <https://haram.kommune.no/barnehage-og-skule/barnehage/pris-og-betaling-for-barnehageplass/>

Rammene for å drive barnehage

GRUNNLAGSDOKUMENTER

Barnehagen sitt formål og innhald er fastsett gjennom **Barnehageloven** og **Rammeplanen**. Desse dokumenta er utgangspunkt for barnehagen sin daglege drift og årsplanen byggjer på desse. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i Barnehageloven og FNs konvensjon om barnet sine rettar.

Årsplanen inneheld ein oversikt over korleis barnehagane våre skal jobbe det komande året. Den er eit arbeidsdokument for personalet, og skal vise korleis vi arbeider med omsorg, lek, danning og læring. Årsplanen skal også tydeleggjere progresjon og synleggjere korleis vi vurderer det pedagogiske arbeidet vårt. Tema i periodane gjennom året blir det jobba ulikt med i barnehagane og i barnegruppene, avhengig av alderen til barna og deira modning. Barna vil få nye utfordringar i dei ulike periodane som vil gi utvikling av kunnskap og ferdigheitar. Årsplanen dannar også utgangspunkt for pedagogiske planar og evaluering av periodane. Vurdering av det pedagogiske arbeid skjer blant anna gjennom bruk av evalueringar i personalgruppa, samtalar med barna, pedagogisk dokumentasjon, diskusjonar av praksis i ulike møter og evalueringar i Samarbeidsutvalet (SU).

Kvalitetsutvikling


PREG BARNEHAGER SINE FOKUSOMRÅDE

Preg barnehager har utvikla ein handlingsplan for kompetanseutvikling, leining og organisering. Du kan lese meir om fokusområda våre her www.pregbarnehager.no

KOMPETANSEUTVIKLING FOR PREG BARNEHAGER AS

I Preg barnehager har vi eit stadig fokus på rekruttering av føremålstenleg kompetanse til barnehagane. Eit profesjonelt fagfellesskap og gode kompetansetiltak bidrar til betre rekruttering av barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og andre fagfolk. For å rekruttere nye pedagogar og fagarbeidarar til barnehagane våre, ønsker vi å samarbeide med utdanningsinstitusjonane, ved å ta imot lærlingar frå vidaregåande skular og studentar til praksis frå høgskulane. Daglege leiarar og andre tilsette i barnehagane blir oppfordra til å oppdatere og vidareutvikle kompetansen sin – både individuelt og kollektivt. Statleg tilskot gjennom kompetanseordningar og tiltak, er eit bidrag for å støtte opp om ansvaret vårt som barnehageeigarar.

Medarbeidarar som får nye utfordringar, som har dugande og engasjerte kollegaer og som får utvikla seg fagleg, blir gjerne verande i stillingane sine over år. Dette styrker kvaliteten i Preg barnehager.



Kvalitetsutvikling

BARNEHAGEN SOM EIN LÆRANDE ORGANISASJON

Barnehagen skal vere oppdatert og utviklingsorientert i tråd med forskning og kunnskap om barn, barndom, leik, læring og samfunn. Barnehagen er og skal vere i endring og utvikling. Det krev stadig ny kunnskap og kompetanse for å møte nye krav. For at barnehagen skal lykkast i å vere ein lærande organisasjon, må leiinga i barnehagen vere kunnskapsorientert og sikre at alle medarbeidarar føler eigarskap til det pedagogiske utviklingsarbeidet.

SYSTEM FOR SAMSPELKVALITET

I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelpa og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine egne omsorgshandlingar. Rammeplanen kap. 3

Preg barnehagene skal kjenneteiknast av eit leike og læringsmiljø som opplevast som trygt, godt og utviklande. Vi har difor valgt å støtta oss til eit rammeverk for interaksjon utvikla av Pianta, Hamre og Paro. Grunntanken i rammeverket er at barn si utvikling og læring skjer i relasjon med andre barn og gode trygge vaksne. Dei har laga eit rammeverk for interaksjon (TTI rammeverket) som systematisk ser på korleis ein kan jobbe godt med relasjonar for å fremja utvikling og læring. (Class). Gjennom dette teoretiske perspektivet arbeider alle Preg barnehagar for å støtte dei tilsette i deira arbeid med å skape trygge gode miljø som set verdifulle spor vidare i livet.

Class er ei forkorting for Classroom Assessment Scoring System (CLASS; La Paro, K., Hamre, B.K., & Pianta R.C., 2012) Dette er eit observasjons- og refleksjonsverktøy som er utvikla for å måle samspelkvaliteten mellom tilsette og barn i barnehagen. Hovudfokuset er på vaksenrolla og på ansvaret til den vaksne for å støtte alle barns utvikling av tryggleik, læring og trivsel.

CLASS delast inn i 3 område: Emosjonell støtte, Organisering av avdeling og Støtte til læring og utvikling. I Preg barnehager innfører vi dette til refleksjon, og kompetanseheving trinnvis, i løpet av ein treårsperiode.

teachstone.com

Satsingsområdet for dei tilsette i Preg barnehager Vatne

- **Rekomp 25/26 – Inkluderande språkmiljø**
- **Organisasjonsstøtte – CLASS**

Kompetanseutvikling for Preg barnehager Vatne

Eit profesjonelt fagfellesskap og gode kompetansetiltak bidrar til betre rekruttering av barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og andre fagfolk. For å rekruttere nye pedagogar og fagarbeidarar til barnehagane våre, ønsker vi å samarbeide med utdanningsinstitusjonane ved å ta imot lærlingar frå vidaregåande skular og studentar til praksis frå høgskulane. Styrarar og andre tilsette i barnehagane blir oppfordra til å oppdatere og vidareutvikle kompetansen sin – både individuelt og kollektivt. Statlig tilskot gjennom kompetanseordningar og tiltak, er eit bidrag for å støtte opp om ansvaret vårt som barnehageeigarar.


Medarbeidarar som får nye utfordringar, som har dugande og engasjerte kollegaer og som får utvikla seg fagleg, blir gjerne verande i stillingane sine over år. Dette styrkjer kvaliteten i Preg barnehager Vatne.

Barnehagen som ein lærande organisasjon

Barnehagen skal vere oppdatert og utviklingsorientert i tråd med forsking og kunnskap om barn, barndom, leik, læring og samfunn. Barnehagen er og skal vere i stadig endring og utvikling. Det krev stadig ny kunnskap og kompetanse for å møte nye krav. For at barnehagen skal lykkast i å vere ein lærande organisasjon, må leiinga i barnehagen vere kunnskapsorientert og sikre at alle medarbeidarar føler eigarskap til det pedagogiske utviklingsarbeidet.

Satsingsområde for personalet

Personalet sitt satsingsområde i 2025 - 2026 blir arbeid med fokus på lesing og leik, og vi skal jobbe med korleis bruke tema frå boka Lille Larven aldri mett til å påvirke leikemiljøet ute og inne. Gjennom leiken skal vi ha fokus på samspel med barna og mellom barna, men også på barna si språkutvikling. Dette vert som eit ledd i Class-arbeidet i Preg barnehager. Vi skal og delta på Rekomp 2025-2026 saman med dei andre barnehagane og skulane i Haram kommune sitt prosjekt «Å høyre til». Vår problemstilling for satsingsområdet vert «**Korleis kan riktig materiell inspirere til godt språk- og leikemiljø?**»



Satsingsområde for barngruppa

FOKUS:

Inkluderende språkmiljø i barnehagen

PROSJEKT:

Korleis kan riktig materiell inspirere til godt språk- og leikemiljø?

Gjennom fleire år har vi hatt særleg fokus på bruk av lesing og konkretar for å sørge for god språkutvikling

I tillegg skal vi no ha fokus på lesing om Lille Larven Aldrimett og andre bøker i mindre grupper. Målet er at barna skal utvikle språket og leiken, gjennom bøkene og samtalar og arbeid rundt bøkene.

Kan fokuset på lesinga bidra til å inspirere barna sin leik og leikemiljø, og korleis kan dei vaksne bruke tema frå bøkene for å lage meir inkluderande leikemiljø? Dette vert eit av fleire spørsmål vi skal jobbe med dette barnehageåret. Personalet skal jobbe med tema som lesing, språk, leik osv på personalmøta, for at barna skal få kontinuerleg progresjon i temaarbeidet som avdelingane har.



Barnehagen si pedagogiske plattform

MÅLA I VISJONSDOKUMENTET

“Sammen om å sette verdifulle spor” er visjonen vår.

I visjonsdokumentet er desse måla felles for alle:

- I barnehagane våre skal alle få oppleve kjærleik utan vilkår
- I barnehagane våre skal alle vite at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdifulle
- Med Jesus som førebilete skal vi møte alle med respekt og toleranse

Desse måla skal vi alltid ha for auge i alt arbeid vi gjer i barnehagen.

Korleis ser dette ut i praksis i barnhagen vår?

I vår barnehage betyr dette:

- Alle er like mykje verd uansett bakgrunn, kultur, religion og åtferd
- Alle barn blir tekne i mot og møtt med lik behandling og kjærleik.
- Vi lærer barna om Gud og Jesus, og verdiane i forteljingane.

SYNET VÅRT PÅ BARN

Det einskilde barnet er eit unikt, fullverdig menneske som skal møtast med respekt, omsorg og kjærleik. Dei skal få hjelp til å utvikle eit sunt sjølvbilete, og oppleve tryggleik og glede. Dei tilsette skal leite etter dei positive mogelegheitene i det einskilde barnet og elske fram desse. Vi vil vere vaksne som alltid har barnet sitt beste for auga. Dette skal ligge til grunn for alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- Vi legg alltid barnets beste til grunn i arbeidet vårt.
- Vi er oppteken av å bygge relasjonar med alle barn og at dei opplever barnehagen som ein trygg plass å vere
- Alle barn skal oppleve at dei medverkar til kvardagen sin
- Alle barn er fullverdige menneske og skal oppleve at dei betyr noko

VAKSENROLLA

Vi skal vere vaksne som byggjer ein positiv relasjon til barna og meistrar balansen mellom å vere varm og tydeleg. Vi skal sjå barnet sitt perspektiv og ha medverknad i fokus.

Den vaksne utøver positiv grensesetting ut ifrå barnet sine føresetnader. Dette skal vere prega av varme og respekt for barnet. Det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen med barnet, og som alltid skal vere medviten dei verdifulle spora han set.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- Personalet jobbar med positiv grensesetting og gir barna handlingsmoglegheiter
- Personalet er aktiv i relasjonsbygging og er oppteken av at alle barn føler seg sett og høyrte
- Vi er oppteken av å vere tilstadeverande vaksne gjennom dagen til barna og støtte og rettleie i det sosiale samspelet
- Vi er autoritative vaksne, som bygger relasjonar som vi arbeider med å vedlikehalde
- Vi set tydelege grenser for barna og utøver positiv grensesetting



Korleis arbeide med omsorg, leik, danning og læring?

Barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. I Preg barnehager sørgjer vi for at alle barn blir sett og inkludert slik at dei lærer og utvikler seg ut frå egne føresetnader.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen)


OMSORG

Tryggleik er utgangspunktet for barna sin trivsel og læring. Derfor kjem omsorg alltid i første rekkje. For å få trygge barn, er vi avhengig av at kompetente og sensitive vaksne gir barna den omsorga dei har behov for.

Personalet i barnehagane våre skal ha fokus på korleis det einskilde barnet har det og leggje til rette for aktivitetar som inkluderer alle barn, der alle barn blir sett og høyrte. På en slik måte set vi verdifulle spor.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- Vi skal møte kvar enkelt barn med positive affekter som smil og entusiasme bevisst for at alle barn skal føle seg trygg
- Vi skal møte alle barn med opnheit, varme og tilstadeverelse, og gi barna det dei treng av nærleik og støtte
- Vi skal ha fokus på at barna skal lære å hjelpe kvarandre i kvardagen. Og arbeide bevisst med å hjelpe barn til å sjølv finne løysning på egne problem.
- Vi skal planlegge aktivitetar som bygger på barnas interesser og som skaper fellesskap mellom barna.



LEIK

Leik er den viktigaste aktiviteten for barna si utvikling og læring, samtidig som den er eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken utviklar og vidareutviklar barn sosiale, språklege og kroppslege ferdigheiter. Når barna inngår i eit leikefellesskap, drar dei nytte av kvarandre sine styrkar og kunnskapar. I samspill med kvarandre og med dei vaksne blir eit godt miljø for glede, læring og utvikling skapt.

Leikemiljøa i barnehagane våre skal vere inkluderande, allsidige og stimulerande. Dei vaksne skal vere deltakande og støttande i barna sin leik.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- Vi er tilstadeverande vaksne i barnas leik og støttar og rettleier
- Avdelingane blir prega av tema vi jobbar med gjennom året og skal inspirere til leik og utvikling av barnas leikekompetanse.
- Vi vil jobbe aktivt med leikemiljø dette året og bruke rommet som tredje pedagog
- Leikemiljøet er inkluderande og tilrettelagt etter avdelingas behov og endrast kontinuerleg
- Vi nyttar nærområdet rundt barnehagen som ein utvida leikeplass

DANNING

I fellesskap med andre utviklar barnet identitet og sjølvstende. Barn samlar erfaringar gjennom kva dei gjer, kva for tilbakemeldingar dei får av andre og kva dei opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna som individ med tankar, følelsar og intensjonar, og støtte barna sine forsøk på å skape mening i den verda dei er ein del av.

I barnehagane våre skal barna få kunnskap som er med på å utruste dei til å ta gode val i livet. Dette er en del av ei livslang læring og ein prosess som handlar om kven ein er og korleis ein er i møte med andre menneske. Vi ønskjer å sette verdifulle spor i barna på en slik måte, at dei sjølv føler seg verdifulle og at dei er gode nok som dei er. På den måten kan dei ta med seg sine erfaringar som eit grunnlag å byggje vidare på i livet.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- At dei vaksne er gode rollemodellar for barna
- Vi skal bruke ulike pedagogiske verktøy slik som blant anna: Livet og sånn, Babblarna, Hjerterprogrammet, Solkollen Super, for å legge til rette for at barna får utfalde seg sjølv og får gode opplevingar og samspel med andre.
- At alle barn skal få kjenne at dei er verdifulle akkurat slik dei er. Vi er alle ulike, men unike.
- Vi skal formidle dei krstne verdiane som respekt, nestekjærleik og toleranse gjennom ulike kristne forteljingar og Ungglobal.



LÆRING

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Personalet skal støtte barns sin nysgjerrigheit, kreativitet og lysten å veta noe nytt, og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter. (Barnehageloven § 2)

Kvardagen i barnehagane våre skal vere prega av utforskning og leik, der barna tileignar seg ny kunnskap og nye ferdigheiter. Barnehagen skal leggje til rette slik at barna får gode mestringsopplevingar innanfor trygge rammer. Vi ønskjer å sette verdifulle spor med tilsette som har god relasjonskompetanse og tid for læring.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- Vi er tilstadeverande vaksne som støttar og rettleiar barna gjennom fleire læringsprosessar
- Vi legg til rette for eit godt læringsmilje gjennom å anerkjenne og støtte barna i deira nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst
- Vi legg til rette for at barn skal lære gjennom leik og samspel med andre barn.
- Vi er engasjerte og leikande vaksne som undrar, utforskar og oppdagar saman med barna.



Barns medverknad

I Preg barnehager skal barna få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Barn skal få tid og rom til innspel som bidrar til at dei opplever å påverke sin eigen kvardag. I barnehagane våre skal barna kjenne at dei har ei verdifull og viktig stemme inn i eit fellesskap som er trygt og inkluderande for alle. Personalet sitt syn på barnet og sin eigen rolle som vaksen vil ha verknad for korleis barn opplever medverknad i kvardagen.

Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre og fremje barna sin nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den einskilde sin plass og verdi i fellesskapet. (Rammeplanen)

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

- Personalet skal bygge vidare på barna sine innspel og interesser
- Personalet skal legge til rette leikemiljøet for frileik slik at barna får velje kva dei vil halde på med
- Personalet skal skape felles referanserammer for barna, slik at alle får moglegheit til å delta i leik saman
- Personalet skal gjennom samtale med barn oppmuntre dei til å fortelje om sin kvardag. Vi skal vere nysgjerrige og fange opp barna sine ønsker.

Dagtavle – kvar avdelingar har eit kort morgonmøte der dei presenterer og snakkar om kva barna skal gjere denne dagen. På dagtavla blir det hengt opp bilete og symbol for dagsrytma, slik at barna har oversikt over dagen sin. Denne tavla blir hengande heile dagen slik at barna kan gå å sjå, stille spørsmål og bearbeide denne informasjonen gjennom heile dagen.

Fokusord og begrepsplakatar

Språket påverkar alle sider ved barnet si utvikling og er derfor eit av kjerneområda i barnehagen.

Begrepa påverkar alle sidene ved utvikling av språket. Alle barn har nytte av hjelp til å etablere en solid grunnmur av begrep.

Kvar avdeling har 3-5 fokusord som ein jobbar med kvar månad.

Fokusorda vil bli henta ut frå tema som dei jobbar med. Målet er at barna skal bli kjende med dei ulike orda på fleire måtar: form, innhald, og bruk. På denne måten sikrar ein at barna har forstått tydinga av ordet. Barna kan òg bruke bileta for å uttrykke sine egne behov og ønske.

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova § 1 og §3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.

Barna skal jamnleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine egne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ha.

Plan for det kristne innhaldet

Preg barnehager har eit kristent livssynsgrunnlag.


Det betyr at barna i barnehagane våre får ein barnehagekvardag basert på kristne og humanistiske verdiar. Formål vårt, visjonen vår og verdiane våre er felles for alle barnehagane våre. Dette skal vere grunnlaget for dei val vi gjer, både i kvardagsaktivitetar og i andre planlagde aktivitetar.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Preg Vatne brukar nokre delar av Solkollen super sitt materiell i formidlinga av det kristne innhaldet. Det er ein 3-års heilskapleg plan for verdiformidlinga, der både bibelhistorier og mål for relasjonar, nestekjærleik, likeverd og mestring er knytt saman. I temakalenderen ser de kvar månad kva bibelhistorie som blir presentert og arbeida med. Bibelhistoriene danner også grunnlaget og har ein direkte link til dei andre pedagogiske aktivitetane som vi gjer. Kvar avdeling har minimum 1 bibelsamling i veka, i tillegg til å synge kristne sangar og andre aktivitetar dagleg.

Gjennom barnehageåret markerer vi faste høgtider og har prosjekt som er felles for heile barnehagen. Vi markerer advent, jul, påske, Kristi Himmelfart og pinse. Vi har Ungglobal-innsamling (tidlegare Barnas Misjonsprosjekt), som barnehagåret 25/26 er til Sør-Amerika.

Hovudfokuset vårt er kva vi kan gjere for andre menneske, og at Jesus er glad i oss alle – uansett kven vi er og kvar vi er.



Tilknytning og relasjonsbygging

Oppstart i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Vi skal tilpasse rutinger og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjend. Det er viktig for oss å etablere gode relasjonar og at barna får knyte seg til dei vaksne på avdelinga. I vår barnehage vil vi bruke ein foreldreaktiv tilvennings-metode der foreldra deltek aktivt saman med barnet sitt dei første fem dagane. Vi inviterer og til fleire besøksdagar i forkant av oppstarten.

Vi skal sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet får oppleve at dei høyrer til og kan føle på at i barnehagen er det både trygt å leike, lære og utforske. Vi vil ivareta foreldra på ein god måte slik at dei kan kjenne på at det er trygt å levere barnet her hjå oss.

Startsamtale

Alle som byrjar i barnehagen får tilbod om ein oppstartsamtale innan den første månaden. Der ønsker vi å vite mest mogleg om barnet sitt liv, slik at vi kan på best mogleg måte ta vare på barnet i kvardagen. I utgangspunktet er det sett av 3-5 dagar til tilvenning. Dette fungerer fint for dei fleste barna. Men dersom nokon har behov for fleire dagar vil vi i samarbeid med foreldra finne ei god løysning.

Overganger i barnehagen

OVERGANG FRÅ AVDELING TIL AVDELING

Overganger skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når dei bytter barnegruppe (RP kap 6)

OVERGANG BARNEHAGE – SKULE

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.

Barnegruppa Grå har det siste året i barnehagen. Dei har eiga avdeling. Hovudfokuset vårt på Grå er leik og læring hand i hand. Vi ønsker at alle barna skaper gode relasjonar til dei andre barna som dei skal gå på skule med (kanskje 13 år vidare). Grå har ikkje fokus på «skolske» aktivitetar, men å ruste barna til å kunne ha konsentrasjon over tid, arbeide med tema, ta imot felles beskjedar, ulike opplevingar i nærmiljøet, og i skog og mark. Førskulebarna har fleire treff med fadderklassa si for å bli kjende med kvarandre og skulen. Dette gjer vi for å få ein trygg overgang som molgeg mellom barnehage og skule.

Det viktigaste av alt er å ha gode vener og relasjonar vidare i overgangen til skule og SFO.

OVERGANG TIL NY BARNEHAGE

Pedagog fyller ut skjema for overgang, og Alle-med-skjema blir overlevert til ny barnehage om ønska. Foreldra må samtykke til overlevering av informasjon.

Eit trygt og godt psykososial barnehagemiljø

Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for barn. Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i leik og læring. Den skal vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling, og motarbeida alle former for diskriminering. Personalet skal vera merksame på eigne haldningar og åtferd, både i forhold til åtferd som kan verka krenkjande og ved bruk av makt og tvang. Personalet skal handtera og følgja opp uønskete situasjonar, *jfr Barnehagelova kap. 8, § 42. Det skal utarbeidast ein skriftleg plan i samsvar med aktivitetsplikta. Preg barnehager har utarbeida ein eigen handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø.

BARNEHAGEN SIN PLAN FOR EIT TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap.

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.

Personalet skal:

- støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster (Rammeplanen, 2017)
- Ved mistanke og meldingar om at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen, så skal:
 1. Pedagogen fyller ut mal for undring i samarbeid med dei andre i personalgruppa på avdelinga
 2. Pedagogen innkalle til samtale med foreldra, og saman med foreldra bestemme konkrete tiltak og fyller ut skjemaet *Frå undring til tiltak*
 3. Gjennomføre tiltaka, og evaluere saman med foreldra etter i løpet av ein månad eller raskare ved behov. Eventuelt fortsette å fyller ut skjemaet *Frå undring til tiltak*.

Overordna mål: Alle barna skal føle seg trygge i barnehagen og bli godt ivareteken både fysisk og psykisk, og alle skal få oppleve ubetinga kjærleik. Dette vil vi arbeide med gjennom å bygge gode relasjonar mellom barna. Alle barna skal lære å vere ein venn og korleis ta vare på vennskap. Vennskap er motsetnaden til mobbing og utestenging.

Inkludering

I Preg barnehager skal alle barn kjenna seg elska og verdsett som viktige deltakarar i fellesskapet. Vi arbeider med mangfald og inkludering som ein heilskapleg del av kvardagen, og målet vårt er at alle barn skal oppleva tryggleik og varetaking. Vi arbeider dagleg for å gi opplevingar som set verdifulle spor.

Barnehagen skal fremja likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverka alle former for diskriminering og framme nestekjærleik. (Rammeplan)

Barnehagen skal vera ein inkluderande arena der barn kan knyta vennskap, trivst, utvikla seg og læra. Alle barn skal få delta ut frå føresetnadene sine. Vi skal bidra til å styrkja barns identitet, og skapa fellesskap der det er rom for alle.

Korleis ser dette ut i barnehagen sin praksis?

- Vi arbeider bevisst med å ha ein varm, trygg og respektfull kommunikasjon mellom barn og vaksne
- Personalet observerer, planlegg og gjennomfører aktivitetar på ein slik måte at alle barn blir inkludert
- Personalet er tilstedeverande vaksne som er aktiv i leiken med barna
- Personalet støttar og motiverer barna til å delta i fellesskapet med å legge til rette for at barna har dei verktøya dei treng for å delta i leik
- Vi byggjer på barna sine interesser og former kvardagen etter tema som fengjer dei.



Progresjon


Progresjon er ein prosess som ifølgje rammeplanen skal rette seg mot barna sine opplevingar, leik og læring. Det er derfor dei tilsette sin rolle å finne barnet sitt utgangspunkt, og byggje vidare på dette slik at kvart barn får akkurat passe utfordringar, og ein god progresjon. De vaksne i barnehagane våre skal sikre progresjon ved å vere til stades og sjå barna i meistringsaugneblink, dokumentere og hjelpe dei til vidare utvikling.

Tilrettelegging i planleggingsfasen er viktig med tanke på gruppeinndeling etter interesse, kunnskapar, ferdigheiter og sjølvsgt barnet sine egne ønskjer. Barna i barnehagane våre må få ulike utfordringar og dei skal oppleve at dei stadig lærer meir. Vi må finne ein balanse mellom det å oppleve meistring og å kunne strekkje seg etter nye mål. Progresjon skal følgje barnet si utvikling og ikkje ei bestemt aldersgruppe.

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Vi nyttar **Alle-med-skjema** som eit observasjonsskjema/sirkel der ein observerer barnet sin progresjon i forhold til kva det meistrar eller ikkje meistrar innanfor områda; sosio/emosjonell, Leik, Trivsel, Kvardagsaktivitetar, sansing/motorikk og språk. Skjemaet følgjer barnet gjennom heile tida i barnehagen, og blir brukt som grunnlag for foreldresamtalar haust og vår. Observasjonane er eit verkemiddel for å kunne tilpasse og arbeide bevisst i forhold til det einskilde barnet. Dette blir arkivert i barnehagen. Dersom det skal bli overlevert til skulen, andre barnehagar eller andre må barnehagen ha samtykke frå foreldra.

Vi kan også nytte Tras-skjema for å kartlegge barn som har språkvanskar i samråd med foreldra, slik at vi kan sette inn riktige tiltak og sikre progresjon i barnet sitt språk.



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

FELLES OVERORDNA GRUNNLAG

Årsplanen skal gi informasjon om korleis barnehagelovens føresegner om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast. Det skal bli lagt til rette for at barn, foreldre, barnehagen sitt personale og eigarar kan delta i planlegging, dokumentasjon og i vurdering av barnehagen si pedagogiske verksemd. Behova til barnegruppa og einskildbarnet skal observerast og vurderast fortløpande.

Årsplanen til barnehagen er eit arbeidsredskap for personalet i barnehagen. Årsplanen skal gi oversikt over temaarbeid, aktivitetar og den pedagogiske verksemda gjennom barnehageåret. I tillegg til årsplanen, vil månadsplanen vere meir detaljert i forhold til kva barnehagen arbeider med til ei kvar tid. Årsplanen gir grunnlag for å styre og vurdere aktiviteten i barnehagen. Den gir òg informasjon til foreldre, eigar og andre om kva vi vil legge vekt på i arbeidet med barna. Årsplanen blir fastsett og godkjend av samarbeidsutvalet i barnehagen.

Dokumentasjon og vurdering

Gjennom året arbeidar personalet fagleg målretta på planleggingsdagar, personalmøte og avdelingsmøter for å sikre at vi alltid er i ein prosess med utvikling og refleksjon over eigen praksis.

Vi nyttar:

- Fagleg påfyll gjennom Udir, litteratur, Rekomp, mm der refleksjon og vurdering av eigen praksis er vesentleg
- ulike former for praksisfortellingar. Det kan vere caser, egne opplevde praksisforteljingar, bilete som viser hendingar mm. Personalet benytter mal for refleksjon og rettleiing til dette.
- Ulike former for observasjonsskjema som sosiogram, fargekoding eller andre skjema
- Rettleiing 1 til 1 ved behov.
- Kvar avdeling skriv årsmelding med evaluering av gjennomførte pedagogisk arbeid gjennom barnehageåret.
- PBL Mentor KIDPLAN – blir brukt for å dokumentere pedagogiske aktivitetar gjennom året med bileter, tavleinnlegg, informasjon og album med bileter.
- PBL Mentor HMS blir brukt for å sikre god internkontroll og rutiner.

Periodeplan

Kvar avdeling skal ha sin eigen periodeplan som årskalenderen dannar grunnlaget for. Barnehagen har utarbeida ein mal som alle avdelingane bruker. Denne inneheld informasjon om barnegruppa, kva behovet til gruppa er og eventuelle individuelle behov. Deretter inneheld den ein plan for fokusområda våre, med mål, innhald og metode for alle områda. Alle områda skal ha ein raud tråd igjennom som i 2025 – 2026 er **Språk, leik og vennskap**.

Fokusområda er:

- Barnegruppa
- Prosjektarbeid
- Språkmiljø
- Bibelformidling
- Vaksenrolla
- Rutinesituasjon
- Vekeprosjekt
- Bursdagsfeiring
- Turar

Periodeplanen dannar grunnlaget for månadsplanar eller vekeplanar, og månadsbrev som blir sendt ut til foreldra via Kidplan.

Evaluering av periodeplanen blir gjort før ein startar på utarbeiding av ny periodeplan. Dei pedagogiske planane sikrar at barnehagen arbeider pedagogisk og målretta med dei fokusområda som vi har valgt. Planane tek alltid utgangspunkt i behova til barna og barnegruppa.

Kalender med vekeplan, månadsbrev og mykje anna informasjon ligg på **Kidplan**.

Desse planane er supplement til årsplanen, og gir informasjon frå dei ulike avdelingane.

Samarbeid

EIGAR PREG BARNEHAGER

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehageloven § 7 første ledd.

Preg barnehager og den einskilde barnehage samarbeider systematisk om å gi barna eit barnehagetilbod av god kvalitet. Dette er nedfelt i Preg barnehager sine Fokusområde.

OVERORDNA MÅL:

å skape eit gjensidig samarbeid mellom heim og barnehage til det beste for barnet dykkar og andre barn. Felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Samarbeidet må bygge på gjensidigheit, openheit og tillit.

FORELDRESAMARBEID

Personalet i barnehagen har ansvar for å vere opne, og skape tillit og tryggleik i høve til foreldra. Foreldra i barnehagane våre skal oppleve at dei blir sett og at dei blir tatt på alvor. Gode relasjonar til foreldra, med kommunikasjon som er prega av respekt og varme, er av avgjerande for eit godt foreldresamarbeid.

Både foreldra og personalet må forhalde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen sitt ansvar å forvalte. (Rammeplanen)

Korleis ser dette ut i praksis i barnehagen?

Vi ønsker å ha eit nært og godt samarbeid med foreldra. Det er viktig at det er ein god tone mellom barnehage og heim. Det daglege samarbeidet med henting og bringing er veldig viktig.

Foreldra får årsplan, og kvar månad vert skrive månadsbrev med meir detaljert informasjon. Informasjonen blir liggande på Kidplan der foreldra skal halde seg oppdatert både i forhold til planar, bilete, løyver mm.

I Preg Vatne har vi følgande arenaer for foreldresamarbeid/foreldremedverknad

- Bringe- og hentesituasjonar
- Foreldresamtalar 2 gongar pr år
- Startsamtale – innan 1 månad etter oppstart
- Foreldremøte 2 gongar pr år

- KIDPLAN, Telefon, mail
- Sosiale samankomstar (foreldrekafe, dugnad, tombola, mm)
- Foreldreråd (alle foreldre)
- Samarbeidsutvalet bestående av 2 valde foreldre-, tilsette- og eigarrepresentantar
- Brukarundersøking årleg
- Temakveldar for foreldre

Forventningar til personalet ved levering og henting i barnehagen

- Bli møtt av positive og kjende vaksne både ved levering og henting
- Informasjon via KIDPLAN, både fellesmeldingar og individuelle meldingar
- Dele informasjon om viktige ting som påverkar kvardagen til barnet, men informasjon som ikkje barnet skal høyre BØR ein ta på melding eller i 1-til-1 samtale. Personvern er viktig.

Forventningar til foreldre ved levering og henting

- Gje beskjed dersom noko spesielt har skjedd i nære relasjonar
- Merke klede (ikkje ta med klede/utstyr de er redde for)
- **Komme i barnehagen innan kjernetida, og gi beskjed ved fråvær eller om ein blir sein**
- Ha riktig utstyr og følgje opp at barnet har nok klede i skiftekorja si (uteklede, bytteklede)
- **Bruke KIDPLAN aktivt**
- Ta kontakt med personalet på avdelinga dersom det er noko
- Ikkje kommunisere via sosiale media



Sammen om å sette verdifulle spor